



Helge Gjelsvik
Knappen 50
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2307 - 18/1789

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2018

Løyve til etablering av påbygg - gbnr 203/60 Fyllingen

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg til eksisterande bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 119 m² og bygd areal (BYA) ca. 16,2 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 20 % BYA.

Dispensasjon

Saka omfatta søknad om dispensasjon frå føresegn 1.1 i kommuneplanens arealdel vedkomande krav til utarbeiding av reguleringsplan. Denne vart handsama i politisk utval den 13.12.2017. Det vart gjeve slik vedtak i saka:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.1 i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av påbygg til bustad.»

Det vert elles vist til søknad motteken 21.07.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA.

Uttale frå anna styresmakt

Saka var sendt på høyring til Fylkesmannen den 24.08.2017. Det er ikkje motteke uttale i saka.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 21.07.17.

Vatn og avløp (VA)

Omsøkte tiltak fører ikkje med seg endringar i vatn- og avlaupshandtering til bustaden.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Omsøkte tiltak fører ikkje med seg endringar for tilkomst, avkøyrsløp eller parkering.

Terrenghandsaming

Omsøkte tiltak fører ikkje med seg endringar i terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for oppføring av påbygg til bustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 21.07.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Med heimel i Plan – og bygningslova (Pbl) § 20-3 og SAK 10 § 6-8 vert søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar godkjent.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2307

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Helge Gjelsvik
Par AS

Knappen 50
Postboks 374

5915
5343

HJELMÅS
STRAUME